



Arcocoonsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2166 - 15/23089

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
23.06.2015

## Førerels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 239/119

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.05.15.

Søknad gjeld løyve til oppføring av støttemurar på eigedom gbnr. 239/119, samt søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg.

Grunna avstand til veg og leidningar i grunnen vart søknad sendt til Teknisk drift for uttale 22.05.15.

Frisiktsone i høve felles samleveg til gbnr. 239/119 mfl. i kryss inn på samleveg inn i området, her er det krav til frisiktsone på 4x30 m, på situasjonsplan er det påført 4x20.

Vidare er siktsone innteikna i høve etablert veg. Etablert vegnett i området er ikkje utbygd i samsvar med reguleringsplan. Dette er gjennomgåande i heile feltet.

Murar må prosjekterast og plasserast i høve gjeldande reguleringsplan og krav til frisiktsone må takast vare på. Avstandskrav med omsyn til leidningar og kummar i grunnen må vere stetta og privatrettslege avtalar med omsyn til avstandskrav må dokumenterast.

Vedlagd ligg uttale frå Teknisk drift datert 23.06.15, samt kartutsnitt som syner VA-data og reguleringsplan i høve eigedomen.

Kommuen kan ikkje godkjenne tiltaket slik det er omsøkt då framtidig overtaking av leidningsnett og vegnettet føreset at vegar er bygd i samsvar med reguleringsplan.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.  
Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Oppdatert sitasjonsplan det frisiktsone er innteikna i høve regulert vegbane samt, og der det er påført avstand til kummar og leidningsnett i grunnen.



2. Oppdatert snitt og fasadetekninger der det er naudsynt med omsyn til oppdatert situasjonsplan.
3. Naudsynte privatrettslege avtaler med omsyn til avstand til leidningsnett mv.

Vi gjer merksam på at plassering av tiltak mindre enn 4 m fra offentleg leidningsnett i grunn krev dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.08.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

#### Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Uttale dispensasjon frå byggegrense og avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 239119 Eknes Ytre  
Kartutsnitt reg plan gbnr 239\_119  
VA-data gbnr 239\_119

#### Kopi til:

Tonje Eknes Reikerås                          Eknes 95                          5993                          OSTEREIDET

#### Mottakarar:

Arcoconsult AS                                  Postboks 103                          5291                          VALESTRANDSFOSSEN